

Anny Bastesen, sektorsjef teknisk, Meland kommune
Astrid Riise, juridisk rådgjevar, Meland kommune

17.07.2019

Viser til brev frå Dykk datert 04.07.2019 «Krav om tilbakebetaling av kommunal avgift for avlaup og innstallering vassmålar – GBNR 23/395»

Tilbakebetaling av kommunale avgifter:

På bakgrunn av brev frå Meland kommune, datert 13.06.2018, sendte eg ein e-post datert 20.06.2018 til sektorsjef teknisk Anny Bastesen der m.a. følgjande framgår:

«Eg ynskjer å bidra med min del, og ynskjer å få tilsendt faktura vedr. vass- og avløpsavgift etter same retningslinjer som er gjeldande for dei andre næringseigedomane i Frekhaug Senter. Fint om faktura vedr. vass og avløpsavgift vert sendt til meg som eigar av eigedomen.»

I brev datert 25.06.2018 frå Anny Bastesen og Kristin Moe «GBNR 23/395 – Krav om tilbakebetaling av kommunale avgifter for vatn og avløp» framgår m.a. følgjande:

«Meland kommune gjer merksam på at vi vil sende faktura med krav om tilbakebetaling av kommunale avgifter for vatn og avløp.

I medhald av lov 18. mai 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer (foreldelsesloven) § 2 er den alminnelige foreldelsesfristen på 3 år. Meland kommune vil difor sende faktura med krav om tilbakebetaling av kommunale avgifter frå og med 01.05.2015. Du vil frå dags dato bli registrert med faste avgifter for avlaup og vatn. Kravet om tilbakebetaling av kommunale avgifter vil bli ettersendt.»

Det framgår av faktura 100006789, fakturadato 25.06.2018, at eg skal betale eit beløp på kr. 16.265,51. Det som inngår i denne fakturaen er kommunale eigedomsgebyr for gebyrtype forbruk vatn bustad, abn. vatn bustad samt ein termin med eigedomsskatt. Beløpet på kr. 16.265,51 vart betalt til Meland kommune 03.07.2018.

Då eg i november 2018 fekk tilsendt terminbeløp for gebyrtype forbruk vatn bustad, abn. vatn bustad samt eigedomsskatt, ville eg forsikre meg om at det ikkje var noko som var feilregistrert. Eg fekk krav om gebyr for bustad, men hadde spurt om å få faktura vedr. vass- og avløpsavgift etter same retningslinjer som var gjeldande for dei andre næringseigedomane i Frekhaug Senter.

19.11.2018 tok eg pr. tlf. kontakt med Meland kommune for å forhøyre meg litt om dette. Det var då ferieavvikling, og eg fekk difor snakke med Hans Petter Helgesen. Eg spurte om det var riktig at eg skulle betale kommunale gebyr for bustad, då det var ein næringseigedom eg var eigar av? Eg gjorde merksam på at det var eit vannklosett i næringsbygget, og lurte på om det i gebyr for forbruk vatn bustad og abn. vatn bustad inngår både vatn og kloakkavløp? Han svarte at ja, desse gebyra gjeld for stipulert forbruk av både vatn og kloakk. Han ville undersøkje litt nærare vedr. om det var riktig at eg skulle betale gebyr for bustad og ikkje for næring, og ville gje meg ei attendemelding vedr. dette.

20.11.2018 tok Marissa Dahl ved byggesaksavd., på vegne av Hans Petter Helgesen, kontakt pr. tlf., og informerte om at dei hadde kome fram til at ettersom det ikkje var installert vassmålar i mitt næringsbygg, så hadde dei valgt å sende kommunale avgifter etter samme sats som for bustader. Det at mitt vesle næringsbygg på ca. 38 m2 var svært lite samanlikna med dei andre næringsbygga i Frekhaug Senter, var kanskje også teke omsyn til i denne vurderinga.

Same dag 20.11.2018 betalte eg motteken terminfaktura frå Meland kommune på kr. 2.437,50.

Eg har også i mars og juni 2019 betalt kommunale avgifter til Meland kommune på bakgrunn av fakturaer mottatt vedr. avgift for bruk bustad, avgift abn. vatn samt eigedomsskatt.

Når eg no, i brev frå Meland kommune datert 04.07.2019, blir informert om at min næringsseigedom, gnr. 23, bnr. 395, ikkje er registrert med årsavgift for avlaup og at Meland kommune vil sende faktura med krav om tilbakebetaling av avgifta for avlaup frå og med 04.07.2016, så stiller eg meg svært spørjande til dette. Eg har p.g.a. den informasjon eg har motteke frå Meland kommune gått ut frå at eg har betalt for både både vass og avløpsavgift.

I min e-post til Meland kommune datert 20.06.2018 sa eg frå om at eg ynskte å få tilsendt faktura vedr. vass- og avløpsavgift etter same retningslinjer som er gjeldande for dei andre næringsseigedomane i Frekhaug Senter.

I brev frå Meland kommune datert 25.06.2018 framgår det at «Du vil frå dags dato bli registrert med faste avgifter for avlaup og vatn.»

Meland kommune vurderte det slik at eg, ettersom det ikkje var installert vassmålar i næringsbygget, skulle betale gebyrtype for bustad. Eg har pr. tlf. fått opplyst at både vatn- og kloakkavløp har inngått i forbruk vatn bustad og abn. vatn bustad, og eg har betalt kommunale avgifter etter dei satsar som Meland kommune på sine fakturaer har spesifisert.

Eg har altså allereie tilbakebetalt kommunale avgifter for vatn og avløp f.o.m. 01.05.2015 (03.07.2018), samt at eg har betalt fleire terminar etter gebyrtype bustad (20.11.2018, 19.03.2019, 24.06.2019), og håpar at eg ikkje i tillegg, for same periode, skal betale avgift for avløp også for næring.

Installering av vassmålar:

I brev frå Meland kommune datert 04.07.2019 framgår det at «Gebyr for vass og avlaup finn ein i gebyrregulativet for 2019, vedtatt av kommunestyret 12.12.2018, med verknad frå 01.01.2019. Denne ligg vedlagt. Du vil heretter bli avrekna gebyr etter kategori 1 i gebyrregulativet, som gjeld næringsseigedom.

Ifølgje gebyrregulativet skal alle næringsseigedomar ha vassmålar. Denne må eigar av næringsseigedomar skaffa sjølv, og installering av vassmålaren må gjerast av ei autorisert verksemd. Meland kommune må få informasjon når denne er installert, og deretter vil forbruksgebyret verta utrekna etter eigedomens forbruk av vatn.»

Eg forstår det slik at det no er vedteke at alle næringsseigedomar skal betale gebyr etter kategori 1, som gjeld for næring og offentlege verksemder. Alle næringsseigedomar vil no bli pålagt å installere vassmålar og skal betale gebyr etter målt forbruk.

Eg vil kontakte autorisert verksemd for å få installert vassmålar i mitt næringsbygg i Frekhaug Senter. Så snart vassmålaren er installert vil eg gje melding til Meland kommune vedr. dette.

Med venleg helsing

Astri H. Tvedt

